



Styre: Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

Styresak: 32/16

Møtedato: 14.06.2016

Dato: 13.05.2016

Arkivsaknr: 2011/3733-ARTH

Fakultetsstyresamansetjing - våren 2017

Vedlegg:

- Referat frå valstyremøte 22. april 2016

Bakgrunn

Griegakademiets gruppe A-representant går ut av fakultetsstyret ved HF det siste semesteret i valperioden grunna etablering av nytt kunsthøgskulefakultet.

I valstyremøte 22. april 2016 blei valstyret informert om forslag frå Kollegiesekretariatet om at fakultetsstyret ved HF våren 2017 kan fungere med berre 10 medlemmer. Valstyret diskuterte saka, og føreslår i staden at fakultetet held nyval på den 11 representanten, men med heile fakultetets gruppe A som valkrets.

At gruppe A i fakultetsstyret er valde med kvart institutt som valkrets, er ei særordning i fakultetsstyrereglementet for HF. Ordningen vil takast opp til vurdering i fakultetsstyret hausten 2016, i god tid før neste valperiode.

Forslag til vedtak:

Hausten 2016 held HF val på 1 representant frå gruppe A i fakultetsstyret, med alle fakultetets fast vitenskapleg tilsette som valkrets. Denne representanten vil erstatte medlemmet frå Griegakademiet våren 2017, slik at styret også det siste semesteret i valperioden har 11 medlemmer i samsvar med gjeldande retningslinjer.

Margareth Hagen
dekan

Trine Moe
fakultetsdirektør

Referat fra valgstyremøte ved HF 22. april 2016 kl. 13.00, møterommet i kjelleren i Villavn. 1A.

Til stades:

Jørgen Bakke, leiar (gruppe A), Pernille Reitan Jensen (gruppe D), Arnhild Thorseth, sekretær/referent

Forfall: Ståle Melve (gruppe C); Ingrid Catharina Geuens (gruppe A, nestleiar), Kjersti Aarstein (gruppe B)

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Leiar ønskte nytt medlem, Pernille Reitan Jensen frå studentene, velkommen i valstyret.

Innkalling og sakliste blei godkjent med merknad om at møtet vil bli halde som arbeidsmøte sidan vi ikkje er vedtaksføre, og referatet sendt på sirkulasjon til medlemmane for godkjenning. Referatet blei godkjent etter e-post-sirkulasjon.

Sak 2: Val på gruppe B og D neste periode.

Dei innkomne forslaga var utsendt. Det kom inn tre kandidatforslag til gruppe D, og 1 forslag til gruppe B. Vi manglar etter dette 3 varamedlemmer for gruppe B, og 5 varamedlemmer til gruppe D.

Valstyret gjennomførte difor suppleringsnominasjon ved bruk av Random.org for å finne dei kandidatane som mangla. Kandidatane vil snarast etter møtet bli tilsendt nominasjonen på e-post, med høve til å gi merknad/tilbakemelding før valperioden startar 29. april.

Det vil bli halde vanleg elektronisk val på studentrepresentantar, medan for gruppe B vil den føreslåtte kandidaten bli medlemskandidat, og dei 3 kandidatane som valstyret supplerte med vil bli varakandidatar - med fakultetsstyret som valforsamling.

Sak 3: Info – justering av reglementet for fakultetsstyret når Griegakademiet går ut av HF

Sekretæren informerte om at det er planlagt sak for fakultetsstyret i juni-møtet 2016, for å vedta justering i fakultetsstyrereglementet frå neste periode (hausten 2017), når Griegakademiet har gått over i nytt kunsthøgskule.

Sak 4: Ymse

Forslag til suppleringsval på gruppe A-representant i fakultetsstyret for våren 2017

I sak 3 ovanfor blei det informert om forslag frå Kollegiesekretariatet om at fakultetsstyret våren 2017 kan fungere med berre 10 medlemmer som eit unntak, etter at Griegakademiet har gått ut av HF. Så vil nytt justert reglement kome i funksjon frå neste dekanat-periode med oppstart hausten 2017.

Etter kort ordskifte om saka, vil valstyret oppmode fakultetsleiinga om at det i staden - hausten 2016 - blir halde suppleringsval på den femte institutt-representanten, men då med heile gruppe A som valkrets. Slik kan fakultetsstyret være fulltallig med 11 medlemmer også våren 2017.

22.04.2016

Neste møte kjem vi tilbake til.